

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 02.05.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Bjørn Ivar Bø  
**SAKA GJELD:** **ForBedring 2023**

**ARKIVSAK:** 2023/400  
**STYRESAK:** **056/23**

**STYREMØTE:** **14.06.2023**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 10

---

#### Oppsummering

Føretaksgruppa Helse Vest gjennomfører ForBetring årleg. ForBetring er eit dialogverktøy til lokalt forbetningsarbeid. Leiingar skal involvera medarbeidarar i forbetningsarbeidet. Handlingsplanar blir etablert i Synergi. ForBetring er eit konkret grunnlag for å følgje opp arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur i tråd med oppdrag gitt av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD).

Det er på overordna nivå gode resultat i føretaksgruppa Helse Vest, med lokale variasjonar og resultat.


#### Fakta

##### *Føretaksgruppa Helse Vest*

Det er sjetten år på rad føretaksgruppa har ein svarprosent på over 70 %. I 2023 var gjennomsnittleg svarprosent for føretaksgruppa Helse Vest 74,6 %. 22 811 medarbeidarar har deltatt. Det er eit svært godt resultat. Det viser engasjement og ikkje minst at ForBetring over år har etablert seg som et viktig kunnskapsgrunnlag for lokal forbetring.

ForBetring hadde i 2023 elleve tema med tilhøyrande spørsmål. Resultata blir vist i verdiar frå 0 – 100, 0 er «heilt ueinig» og 100 er «heilt einig». Generelt har alle tema tilbakemelding mellom «litt einig» og «heilt einig». Dette er gode resultat. Det er spreiding i resultata og viktige forbetningsområder i forbetningsarbeidet.

## Overordna resultat:



Tabelloversikt over resultatene for føretaksgruppa Helse Vest med samanlikning med resultatene for 2022:

Tema	Gjennomsnittskår 2022	Gjennomsnittskår 2023
Engasjement	83	82
Teamarbeidsklima	86	85
Arbeidsforhold	73	72
Tryggleiksklima	85	84
Psykososialt arbeidsmiljø	82	81
Opplevd leiaråtferd	85	84
Opplevd leiaråtferd (for leiar)	91	90
Toppleiar si rolle i pasienttryggleiksarbeid	76	71
Fysisk arbeidsmiljø	75	74
Oppfølging	72	71
Pandemi	76	76

For føretaksgruppa Helse Vest var den største endringa i resultatene for temaet: «Toppleiar si rolle i pasienttryggleiksarbeid» med ein nedgang frå 76 til 71. For dette temaet er det om lag 32 %, eller nærare 7 000 medarbeidarar som svarar «ikkje relevant/veit ikkje».


Sjølv om resultatene for tema har gode resultat, er det framleis viktig å understreka at det er forbedringsområder. Det er viktig at leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta medverkar og identifiserer konkrete og målbare tiltak som kan bidra til endå betre arbeidsmiljø og pasienttryggleik. Tiltaka blir utarbeida i handlingsplanar og blir dokumentert i eigne ForBetrings planar i Synergi.

I tillegg til gjennomsnittresultat samla for kvart tema, kan det være viktig å følge med på utviklinga for einskilde spørsmål.

### Resultat for Helse Vest RHF

Helse Vest RHF hadde i 2023 ein svarprosent på 77,2 %. Dette er veldig god svarprosent og over målet på 70 %.

Ein oversikt over fordelinga av resultata for Helse Vest RHF:



Resultata for Helse Vest RHF per tema er vist i tabellen nedanfor. Tabellen viser forbetring frå 2022 til 2023 for alle tema, med unntak av «Fysisk arbeidsmiljø» og «Oppfølging».

Tema	Gjennomsnittskår 2022	Gjennomsnittskår 2023
Engasjement	82	88
Teamarbeidsklima	85	88
Arbeidsforhold	78	87
Tyggleiksklima	77	83
Psykososialt arbeidsmiljø	86	87
Opplevd leiaråtferd	81	85
Opplevd leiaråtferd (for leiar)	91	94
Toppelar si rolle i pasienttryggleiksarbeid	94	98
Fysisk arbeidsmiljø	85	84
Oppfølging	81	79
Pandemi	86	87

Vedlagt følger meir utfyllande resultat for både føretaksgruppa Helse Vest og Helse Vest RHF.

## **Konklusjon**

Tilslutning til å delta er framleis høg. ForBetring undersøkinga har etter kvart blitt ein del av årleg oppfølging for arbeidsmiljø og pasienttryggleik.

Styret tek resultatata til ForBetring 2023 til orientering. Styret legg vekt på at det er god medverknad for medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta i oppfølginga.